

Ungdata 2025

Rapport – Ål ungdomsskule

Ål kommune

Statusrapport og vidare anbefalingar til folkehelsetiltak.


Innleiing

Vinter 2025 svara 139 ungdommar i Ål kommune på spørsmål om ulike sider ved livet sitt, som helse og livskvalitet, vennskap, familie, skule, nærmiljø og fritidsaktivitetar. Denne rapporten inneheld resultata frå undersøkinga og forslag til vidare tiltak.

Målet med denne rapporten er å gi eit breitt og oppdatert bilete av korleis ungdommane har det, og kva dei driv med i fritida. Resultata gir eit kunnskapsgrunnlag for lokal politikkutforming innan oppvekst- og folkehelseområda (Bakken, 2024). Ål kommune har gjennomført Ungdata som undersøking fleire gongar tidlegare (2013, 2017, 2020, 2021).

Eit overordna mål i folkehelsearbeidet er å fremje og oppretthalde god helse og livskvalitet blant barn og unge. Familie, venner, skule, fritid og nærmiljø er alle faktorar som har betydning for helse og livskvalitet. Det same gjeld ulike typar handlingar og åtferd, slik som fysisk aktivitet, kosthald, søvn og bruk av rusmiddel. Spørsmåla i undersøkinga og innhaldet i denne rapporten, dekker mange av desse aspektane. Figur 1.1 viser dei ulike tema og korleis desse kan sjåast i samanheng.

Figur 1 Temaer i Ungdata-undersøkinga og korleis disse kan sees i samanheng.



Undersøkinga ble gjennomført i perioden:	Januar-februar 2025
Deltakarar i undersøkinga:	Elevar frå 8. til 10.trinn
Talet på elevar som deltok:	138
Svarprosent:	82 %

Livskvalitet og helse


Tema	Kjønn	Andel (%)	Utvikling/trend	Kommentar	Tiltak
Livskvalitet og helse					
Ungdom som er tilfredse med livet sitt.	Begge Gutar Jenter	87 % 94 % 82 %	<u>Positiv utvikling</u> Ein auke frå 82 % i 2020 og 84 % 2021 (begge kjønn). Tilfredsheit med livet aukar for kvart klassetrinn (gjeld begge kjønn). Store kjønnsforskjellar.	Gutar skårar høgare på alle mål for livskvalitet i undersøkinga. Det som er mest oppsiktsvekkjande er at jentene i vesentleg mindre grad er optimistiske med tanke på eiga framtid, kjenner seg nyttige og opplever meistring. På desse indikatorane ligg jentene på om lag halvparten av nivået til gutane, noko som gir grunnlag for nærare undersøkingar og behov for oppfølging og målretta tiltak mot jenter. <u>Merknad:</u> Dette har ikkje endra seg sidan 2021, og det same mønsteret gjentek seg.	Arbeidet med barn og unge si psykisk helse og livskvalitet bør jobbast ut frå eit tverrsektorielt perspektiv og forankrast i heile kommuneorganisasjonen. Det aukar moglegheita for ein koordinert førebyggjande og helsefremjande innsats i det lokale folkehelsearbeidet, som kan forventast å ha større effekt på folkehelsa enn isolerte enkelttiltak. Kunnskap om påverknadsfaktorar på psykisk helse og livskvalitet bør og inngå i kunnskapsgrunnlaget til relevante satsingar og tiltak i kommunen. Kommunen bør aktivt fremje sosial støtte og meistring for
Som er nøgde med helsa si	Begge Gutar Jenter	67 % 79 % 58 %	<u>Stabil utvikling</u> med negativ trend sidan 2020. Store kjønnsforskjellar	Gutar rapporterer i gjennomsnitt at dei er noko meir nøgde med si eiga helse enn jenter. 21 % av ungdommar er enten svært misnøgde eller litt misnøgde med helsa si. Ål ligg noko dårlegare enn landet samla sett (svært misnøgd/litt misnøgd) .	

Har hatt hovudverk kvar dag den siste månaden	Begge Gutar Jenter	5 % 3 % 6 %	<u>Stabil utvikling.</u> Noko ulikt mellom gutar og jenter. Hovudverk aukar for kvart klasstrinn (gjeld begge kjønn).	Det er kjønnsforskjeller når det gjeld hovudverk blant ungdommar. Det er fleire jenter som svarar at dei har hatt hovudverk kvar dag den siste månaden. Ål ligg betre an enn landet samla sett.	ungdom på deira arenaer, samt sikre gode rammevilkår for ungdom si deltaking og tilhøyrse, særleg for jenter. Kommunen bør sikre systematisk medverknad frå ungdom.
Har hatt andre fysiske plager (enn hovudverk) kvar dag den siste månaden. (til dømes kvalme, mageverk, smerter i ledd, nakke eller musklar)	Begge Gutar Jenter	8 % 7 % 11 %	<u>Stabil utvikling</u> med positiv trend frå 2020. Noko ulikt mellom gutar og jenter. Dei fleste rapporterer fysiske plagar både på 9. og 10.trinn, medan det er færre på 8.trinn.	Det er også kjønnsforskjeller når det gjeld ulike fysiske plager. Det er fleire jenter som svarar at de mange gangar eller dagleg har hatt andre fysiske plager den siste månaden. Ål ligg betre an enn landa samla sett.	Sjå eige vedlegg for meir informasjon om desse tiltaka.
Som bruker reseptfrie smertestillande kvar veke eller kvar dag.	Begge Gutar Jenter	20 % 11 % 28 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 7 prosentpoeng sidan 2021. Store kjønnsforskjellar. Likt på alle klasstrinn.	Jenter rapporterer oftare at dei bruker smertestillande kvar veke eller kvar dag. Det er relativt store kjønnsforskjellar. Tala ligg på same nivå som nasjonalt (gjeld begge kjønn).	

Som bruker ulike helsetenester i løpet av det siste året: ▪ Helsesjukepleiar på skulen ▪ Helsestasjon for ungdom eller psykolog ▪ Psykolog	Begge Gutar Jenter	34 % 24 % 45 %	<u>Stabil utvikling</u> med en aukande trend. Store kjønnsforskjellar.	Ål ligg om lag likt som nasjonalt (begge kjønn). Jenter bruker ulike helsetenester meir oftare enn gutar.	
Som har hatt mange psykiske plager dei siste sju dagane.	Begge Gutar Jenter	11 % 3 % 16 %	<u>Positiv utvikling.</u> Nedgang på 8 og 6 prosentpoeng frå 2020 og 2021. Store kjønnsforskjellar.	Ål skårar betre på alle mål for psykisk helse samlikna med dei siste åra sidan 2020. Når det gjeld førekomst av mange psykiske plagar dei siste sju dagane, er nivået mykje høgare hos jenter enn hos gutar. Det er store kjønnsforskjellar. På same måte som målinga for livskvalitet, er det behov for målretta tiltak og oppfølging blant jenter. Ål ligg betre an enn landa samla sett.	

Har opplevd så mykje press i løpet av den siste veka i stor eller svært grad at dei har hatt problem med å takle det.	Begge	12 %	<u>Stabil utvikling.</u> Store kjønnsforskjellar.	Det er stabilt når det gjeld begge kjønn i Ål. Samstundes ser vi at jenter opplever mykje meir press. Det kan kanskje forklarast med at dei i aukande grad rapporterer om stress og press for å prestere og lykkast. Ei medverkande årsak kan vere at sosiale medium skaper urealistiske forventningar, usikkerheit og utanforskap, og at sosiale medium tek tid frå viktig fysisk sosial kontakt.	
	Gutar	3 %			
	Jenter	19 %			


Livskvalitet og helse - kjønnsfordelinga



Korleis ungdom har hatt det


Prosentandel gutar og jenter som heile tida eller ofte den siste veka har kjent på ulike kjensler.

2025



Ungdom som er nøgde med helsa si.


Prosentandel gutar og jenter som er litt nøgde eller svært nøgde med helsa si.
2025



Medikamentbruk

Prosentandel gutar og jenter som bruker reseptfrie smertestillande kvar veke eller kvar dag.


2025



Medikamentbruk

Prosentandel ungdommer som bruker reseptfrie smertestillande kvar veke eller kvar dag.


2025



Bruk av helsetenester

Prosentandel gutar og jenter som har brukt ulike helsetenester i løpet av det siste året.


2025



Stress og press

Prosentandel gutar og jenter som opplever mykje eller svært mykje press i kvardagen sin.


2025



Stress og press

Prosentandel ungdommar som opplever press i kvardagen sin.

2025



Familie og venner


Tema	Kjønn	Andel (%)	Utvikling/trend	Kommentar	Tiltak
Familie og venner					
Nøgde med egne foreldre/føresette	Begge Gutar Jenter	88 % 92 % 87 %	<u>Stabil utvikling.</u> Noko ulikt mellom gutar og jenter.	Forsking tyder på at foreldra har mykje å seie for dei unge sine utdanningsval og fritidsinteresser. Resultata viser og at dei færraste ungdommar opplever stadige kranglar med foreldra, og at det fleirtalet er svært nøgde med foreldra sine. 6 % oppgjer svært misnøgd, 1 % litt misnøgd og 5 % verken nøgd eller misnøgd. Ål ligg om lag likt som nasjonalt (begge kjønn).	Tiltak: ▪ Styrkje dei vaksne i foreldrerolla. ▪ Fremje vaksne sitt ansvar for gode sosiale relasjonar på barn og unges arenaer. ▪ Sørgje for gode levekår for barnefamiliar. ▪ Arbeide aktivt for trygge psykososiale
Har minst ein fortruleg venn	Begge Gutar Jenter	92 % 86 % 99 %	<u>Stabil utvikling</u> Store kjønnsforskjellar.	Ungdommar i Ål skårar betre enn nasjonalt. Det er positivt at dei aller fleste ungdommane har venner dei kan stole på og snakke med om alt mogleg. Det er også litt urovekkjande at nokon (8 %) manglar venner dei kan stole på.	
Har venner å vere saman med på fritida	Begge Gutar Jenter	92 % 95 % 91 %	<u>Negativ utvikling</u> Ein nedgang på 5 prosentpoeng sidan 2021.	Det er fleire som oppgjer at dei ikkje har nokon å vere saman med på fritida. Heile 8 % oppgjer at dei ikkje har nokon å vere saman med på fritida.	

			Nokså likt mellom gutar og jenter.		miljø der ungdom lever sine liv. Sjå eige vedlegg for meir informasjon om desse tiltaka
Har venner å vere saman med i friminutta på skulen	Begge Gutar Jenter	95 % 97 % 94 %	<u>Svak negativ utvikling.</u> Ein nedgang på 4 prosentpoeng sidan 2021. Nokså likt mellom gutar og jenter.	Utviklinga peikar retninga mot ei svak negativ utvikling, noko som gir grunnlag for å følgje indikatoren tett og vurdere behov for tidlege tiltak. Det er fleire som oppgjer at dei ikkje har nokon å vere saman med i friminutta på skulen.	
Vore veldig mykje plaga av kjensla av å vere einsam i løpet av den siste veka	Begge Gutar Jenter	5 % 5 % 4 %	<u>Stabil utvikling.</u> Nokså likt mellom gutar og jenter.	Utviklinga har vore stabil over tid, men viser ei positiv endring sidan 2020, då andelen var 10 %, som truleg skyldast covid-19 pandemien. Talet er likevel urovekkjande. Kjensla av einsamheit er ikkje bra for nokon, og sosial støtte er ein viktig faktor på mange område, til dømes oppleving av meistring, tilhøyrse, psykologisk utvikling og kan dempe stress.	


Foreldrerelasjonar

Prosentandel ungdommar som svarar at utsagnet passer svært godt eller ganske godt.

2025




Korleis ungdom opplever eigne foreldre/føresatte



Familieøkonomi

Prosentandel ungdommar som svarar at familien har hatt dårlig råd, og som manglar av og til/ofte pengar til å betale for aktivitetar.

2025



Skule og framtid

Tema	Kjønn	Andel (%)	Utvikling/trend	Kommentar	Tiltak
Skule og framtid					
Nøgde med skulen dei går på	Begge Gutar Jenter	64 % 62 % 69 %	<u>Ein jamn negativ utvikling</u> sidan 2013, med ein samla nedgang på 19 prosentpoeng over 12 år. Store kjønnsforskjellar	Nedgangen er særleg markant mellom 2020 og 2021, då tilfredsheita fall med 8 prosentpoeng på eitt år. Etter det har nivået stabilisert seg noko, men ligg framleis betydeleg lågare enn tidlegare år. 9.trinn skil seg ut. Medan over 65 % av elevane både på 8. og 10. trinn oppgjer at dei er nøgde med skulen dei går på, er det under halvparten av elevane på 9. trinn som svarar det same.	Kommunen bør aktivt fremje sosial støtte og meistring for ungdom på deira arenaer, samt sikre gode rammevilkår for ungdom si deltaking og tilhøyrse. Tiltak: ▪ Fremje vaksne sitt ansvar for gode relasjonar i skulen. ▪ Leggje til rette for gode meistringsbetingelsar i skulen. ▪ Arbeide aktivt for og med fokus på å skape gode og trygge psykososiale miljøer i skulen.
Trivst på skulen	Begge Gutar Jenter	83 % 84 % 85 %	<u>Ein jamn negativ utvikling.</u> Sidan 2017 har det vært en samla nedgang på 10 prosentpoeng. Nokså likt mellom gutar og jenter.	Skulen er ein viktig arena for sosialt samvær, og er ein stad der vennskap blir utvikla både i timane, i friminutta og på skulevegen. I ei tid der digitale kommunikasjonsformer pregar mykje av fritida, blir den sosiale sida ved skulesituasjonen, og det fysiske samværet der, kanskje ein enno viktigare del av livet til de unge enn tidlegare. Det er viktig å auke trivsel på	

				skulen, og snu den retninga som utviklinga no går i.	▪ Kvalitetsarbeid i skulefritidsordninga. ▪ Sørge for kompetanse om barn si psykiske helse og livskvalitet hos tilsette og frivillige medarbeidarar. ▪ Fremje ein sunn livsstil for ungdom i skulen. ▪ Etablere gode rutinar for medverknad frå ungdom i ulike kommunale prosessar: Frå etablering og analyse av utfordringsbiletet, til tiltaksutvikling, utprøving og evaluering av tiltak. ▪ Sikre at medverknad er reell. ▪ Styrkje ungdomsråd og elevråd. Sjå eige vedlegg for meir informasjon om desse tiltaka.
Kjedar seg på skulen	Begge Gutar Jenter	85 % 92 % 79 %	<u>Stabil utvikling.</u> Store forskjellar mellom gutar og jenter.	Fleirtalet opplever skulen som keisam, særleg gutane. Utviklinga har vore relativt stabil sidan 2017.	
Gruer seg ofte til å gå på skulen	Begge Gutar Jenter	23 % 24 % 24 %	<u>Positiv utvikling.</u> Utviklinga har vore positiv sidan 2020, då det var 31 %. Ei betring på 7 prosentpoeng. Nokså likt mellom begge kjønn.	Det finst nokon som har negative opplevingar knytte til skulen, utan store kjønnsforskjellar. Utviklinga har vore positiv over tid.	
Bruker minst ein time kvar dag på lekser og anna skularbeid utanom skuletida	Begge Gutar Jenter	25 % 11 % 34 %	<u>Negativ utvikling</u> En nedgang på 9-11 prosentpoeng sidan 2020/2021. Store forskjellar mellom gutar og jenter.	Lekser kan leggje grunnlaget for gode arbeidsvanar seinare i livet. Det er færre elevar som brukar minst ein time kvar dag på skularbeid. Gutar bruker mykje mindre tid på lekser enn jenter. Ål ligg om lag likt som nasjonalt.	
Blir ofte/svært ofte stresset av skularbeidet	Begge	45 %	<u>Positiv utvikling</u> En nedgang på 6-8 prosentpoeng sidan 2020/2021.	Litt under halvparten av ungdommane opplever ofte stress knytt til skularbeid. Sjølv om utviklinga har gått i rett retning over tid, er det framleis ein god del unge opplever skularbeidet som stressande. Positivt stress kan vere	


				bra og hjelpe ungdommen med å fokusere på læringsoppgåvene. Samstundes kan stress vere negativt, særleg for dei som opplever vedvarande stress over tid og at gapet mellom egne ambisjonar og det ein får til blir for stort.	
Har skulka skulen minst ein gong i løpet av det siste året.	Begge Gutar Jenter	23 % 23 % 22 %	<u>Positiv utvikling</u> En nedgang på 6 prosentpoeng sidan 2021. Nokså likt mellom gutar og jenter.	8 % skulka skulen 2-5 gonger, og 7 % skulka skulen 6 gonger eller meir. Ål ligg litt betre an enn nasjonalt. Skulk heng i mange tilfelle saman med auka sannsyn for ei negativ utvikling i ungdomsåra. Sjølv om utviklinga har gått i rett retning over tid, er delen framleis høg og gir grunn til bekymring.	
Trur at dei vil fullføre vidaregåande skule	Begge Gutar Jenter	74 % 68 % 80 %	<u>Negativ utvikling.</u> En tydeleg nedgang sidan 2017 med 19 prosentpoeng. Store kjønnsforskjellar.	Dei aller fleste byrjar direkte i vidaregåande opplæring etter grunnskulen, likevel er det ikkje alle som fullfører. Om lag ein av fem fell frå undervegs eller har ikkje bestått opplæringa etter fem år. I Ål oppgjer 74 % ja, 2 % nei og 24 % vet ikkje. Gutar har mindre tru på at dei kjem til å fullføre vidaregåande skule. Ål ligg dårlegare enn landa samla sett.	

Trur at dei vil ta utdanning på universitet eller høgskule.	Begge Gutar Jenter	33 % 22 % 44 %	<u>Negativ utvikling.</u> Nedgang på 24 prosentpoeng sidan 2013. Store kjønnsforskjellar.	Det er ein negativ trend der stadig fleire unge trur dei ikkje kjem til å ta universitets- eller høgskoleutdanning. I Ål oppgjer totalt 66 % at dei ikkje veit eller svarar nei. Gutar har mykje mindre tru på at dei kjem til å ta høgare utdanning. Ål ligg dårlegare enn landa samla sett.
Trur at dei vil bli arbeidsledig	Begge Gutar Jenter	14 % 22 % 8 %	<u>Stabil utvikling</u> med en negativ aukande trend. Store kjønnsforskjellar.	Det er ein negativ trend der stadig fleire unge trur at dei nokon gong vil bli arbeidsledig. Ål ligg litt betre an enn nasjonalt. Det er fleire gutar som trur at dei nokon gong kjem til å bli arbeidsledige.
Trur at dei kjem til å leve eit godt og lukkeleg liv	Begge Gutar Jenter	68 % 68 % 73 %	<u>Stabil utvikling.</u> Noko ulikt mellom gutar og jenter.	Trenden har vore stabil, med ein liten nedgang dei siste åra, og dei fleste har framleis tru på at dei vil leve eit godt og lukkeleg liv.
Trur dei kjem til å byrje på yrkesfag.	Begge Gutar Jenter	45 % 58 % 34 %	<u>Stabil utvikling.</u> Store kjønnsforskjellar.	Utviklinga har vore stort sett stabil dei siste åra, med berre små variasjonar frå år til år.

Skule


Prosentandel ungdommar som er heilt eller litt einige i ulike utsegner om korleis dei har det på skulen.

2025



Tankar om framtida

Prosentandel ungdommar etter korleis dei trur framtida vil bli:



Fritid

Tema	Kjønn	Andel (%)	Utvikling/trend	Kommentar	Tiltak
Fritid					
Som vore heime med venner minst to gonger i løpet av den siste veka.	Begge Gutar Jenter	27 % 23 % 32 %	<u>Negativ utvikling.</u> 18 prosentpoeng nedgang frå 2021. Noko kjønnsforskjellar.	Færre ungdommar har vore heime med venner, eller omvendt heime hos venner. Utviklinga tydar på at dette har blitt mindre vanleg, og at det er berre nokon ungdommar som rapporterer at dei har vore heime med venner minst to gonger i veka. Ål ligg dårlegare enn nasjonalt.	Kommunen bør aktivt fremje sosial støtte og meistring for ungdom på deira arenaer, samt sikre gode rammevilkår for ungdom si deltaking og tilhøyrse. Tiltak: ▪ Fremje vaksne sitt ansvar for gode relasjonar på fritidsarenaer. ▪ Tiltak med fokus for å skape gode og trygge psykososiale miljø på fritidsarenaer: til dømes for å sikre trygge rammer for ungdom i organisasjonar, samt konkrete opplegg for å tematisere
Som har vore ute med venner størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka	Begge Gutar Jenter	24 % 25 % 25 %	<u>Negativ utvikling.</u> Nedgang på 5 prosentpoeng frå 2021. Likt mellom gutar og jenter.	Færre ungdommar rapporterer og at dei har vore ute med venner størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av veka. har vore heime med venner, eller omvendt heime hos venner. Utviklinga tydar på at dette har blitt mindre vanleg, sjølv om nedgangen kan vere sesongbasert. Ål ligg dårlegare enn nasjonalt.	

Vore heime heile kvelden minst to eller fleire gonger i løpet av den siste veka.	Begge	77%	<u>Negativ utvikling.</u> Auke med 4 prosentpoeng sidan 2020.	Fleire ungdommar er meir heime. Dette kan tyde på endringar i sosiale vaner, fritidstilbod eller ein sterkare tendens til digitale vaner. Sosiale medium har gjeve ungdom ein ny arena å vere saman på.	grenseoverskridande seksuell åtferd. ▪ Sørge for kompetanse om ungdom si psykiske helse og livskvalitet hos ansatte og frivillige medarbeidere. ▪ Stimulere til – og bryte ned barrierar for – deltaking i fritidsaktivitetar: Økonomiske barrierar for deltaking kan reduserast, og det er derfor viktig å behalde tiltak som: - Lokal fritidskortordning. - Tilskot til fritidsaktivitetar til barn og unge i låginntektsfamiliar. - BUA og fritidsklubbar/ungdomshus. ▪ For å auke deltaking kan kommunen kartlegge økonomiske, fysiske, transportmessige, kulturelle, språklege eller sosiale barrierar for barn og unges deltaking i fritidsaktivitetar.
Som har vore sosiale på nettet eller mobilen størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka	Begge Gutar Jenter	62 % 58 % 64 %	<u>Stabil utvikling</u> med ein positiv trend. Reduksjon på 4 prosentpoeng sidan 2021. Noko kjønnsforskjellar.	Fleirtalet ungdommar har vore sosiale på nettet eller mobilen størsteparten av kvelden minst to gonger i veka, og fleire jenter rapporterer dette meir enn gutar. Ål ligg betre an enn det nasjonale gjennomsnittet.	
Som har spelt online-spel med andre størsteparten av kvelden minst to gonger i løpet av den siste veka	Begge Gutar Jenter	39 % 69 % 11 %	<u>Aukande utvikling.</u> Auka med 9 prosentpoeng sidan 2021. Store kjønnsforskjellar.	Ein del ungdommar spelar online-spel med andre størsteparten av kvelden minst to gonger i veka, og det er fleire gutar enn jenter. Ål ligg om lag likt som nasjonalt.	
Som bruker minst tre timar kvar dag framfor ein skjerm	Begge Gutar Jenter	57 % 52 % 61 %	<u>Positiv utvikling</u> Nedgang på 4 prosentpoeng sidan Store kjønnsforskjellar.	Sjølv om mange bruker mykje tid på digitale skjermaktivitetar, er det og stor variasjon mellom ungdommar. I Ål bruker dei fleste meir enn 2-3 timar (87 %), mot nokon som ikkje bruker noko tid eller mindre enn 2 timer (14 %). Det er og store kjønnsforskjellar i ungdommens skjermaktivitetar. Medan gutar er mykje meir opptekne	


				av spel, er jenter oftare på sosiale medium. Ål ligg betre an enn nasjonalt.	- Kommunen bør leggje til rette for eit godt nærmiljø med sosiale møteplassar, samt gjere arenaer i nærmiljøet kjende blant ungdom og foreldre/føresette. - Fremje en sunn livsstil for ungdommar: Gratis sunt måltid til alle ungdom i skulen kvar dag. - Etablere gode rutinar for medverknad frå ungdom i ulike kommunale prosessar. Frå etablering og analyse av utfordringsbiletet, til tiltaksutvikling, utprøving og evaluering av tiltak. - Sikre at medverknad er reell. - Styrkje ungdomsråd og elevråd. Sjå eige vedlegg for meir informasjon om desse tiltaka.
Som aldri har vore med i organisasjonar, klubbar eller lag eller foreiningar etter fylte 10 år.	Begge Gutar Jenter	13 % 11 % 14 %	<u>Stabil utvikling.</u> Auka med 2 prosentpoeng sidan 2021. Noko ulikt mellom gutar og jenter.	Det er nokre ungdommar som aldri har vore med i organisasjonar, klubbar eller lag. Utviklinga har stort sett vore stabil dei siste åra. Samstundes er det framleis ein del ungdommar som ikkje blir med, og dette er ei viktig gruppe å inkludere i videre tiltak. Ål ligg betre an enn nasjonalt.	
Som er no med i organisasjonar, klubbar eller lag eller foreiningar etter fylte 10 år.	Begge	67 %	<u>Stabil utvikling.</u> Noko variasjonar frå år til år. Ein auke på 3 prosentpoeng sidan 2020.	Dei fleste er med på ei eller anna form for organisert fritidsaktivitet. Organisert fritidsaktivitetar er viktige arenaer for samvær med andre unge og gjev andre erfaringar og læringsvilkår enn skulen og meir uformelle situasjonar.	
Opplever at foreldre/føresette manglar pengar til å betale for ønsket fritidsaktivitetar (idrett, kino, bursdagar, reiser osv.)	Begge	20 %	<u>Negativ utvikling.</u> Ein auke på 8 prosentpoeng frå 2021.	Fleire rapporterer at dei opplever at foreldre/føresette manglar pengar til å betale for ønsket fritidsaktivitetar. Foreldre sine ressursar både økonomisk, kulturelt og sosialt dannar grunnlaget for levkåra og livskvaliteten til barn og unge. Dette	

				kan vere eit indikator på aukande sosiale helseforskjellar. Ål ligg dårlegare enn nasjonalt sett.	<u>Viktige kommentarar:</u> ▪ Mange ungdom brukar mykje av fritida si på internett, og det kan ha store sosiale kostnader for den enkelte unge å ikkje vere til stades. ▪ Ungdomsorganisasjonane spelar ei førebyggjande rolle. Forsking viser at samanhengen mellom rusmiddelbruk og organisasjonsdeltaking varierer ein del med organisasjonstypen. Det er òg slik at mange av organisasjonane særleg rekrutterer ungdom som i utgangspunktet er blant dei mest «veltilpassa».
--	--	--	--	---	--

Fritid heime og ute


Prosentandel ungdommar som har vore heime med venner eller ute med venner, og som vore heime heile kvelden.

2025




Digitale aktiviteter

Prosentandel gutar og jenter som svarar at dei har gjort følgende minst to gonger i løpet av den siste veka.
2025



Digitale aktiviteter

Prosentandel ungdommar som svarar at dei har gjort følgende minst to gonger i løpet av den siste veka.
2025




Skjermtid

Prosentandel ungdommar som svarar kor mykje tid dei brukar framfor ein skjerm i løpet av ein dag.

2025


■ Mindre enn 1 time ■ 1-3 timar ■ 3-6 timar ■ Meir enn 6 timar



Digitale aktiviteter

Prosentandel gutar og jenter som brukar minst tre timar kvar dag framfor ein skjerm.

2025



Lokalmiljøet

Tema	Kjønn	Andel (%)	Utvikling/trend	Kommentar	Tiltak
Lokalmiljøet					
Nøgde med lokalmiljøet	Begge Gutar Jenter	66 % 74 % 63 %	<u>Stabil utvikling</u> med ein negativ trend. Store kjønnsforskjellar.	Utviklinga har gått ned med 10 prosentpoeng frå 2013 til 2021, og har deretter stabilisert seg. Samla sett peikar dette mot ein negativ trend over tid, noko som gir grunn til bekymring og behov for målretta tiltak, særleg blant jentene. Når litt over halvparten oppgjer at dei er nøgde, betyr det samstundes at 44 % ikkje er heilt nøgde. Dette understrekar at kommunen framleis bør setje inn målretta tiltak, og gjerne gjennomføre undersøkingar eller kartleggingar for å identifisere områda med behov for forbedring.	Kommunen bør planleggje bu- og nærmiljø og område for friluftsliv som stimulerer til fysisk aktivitet for alle. Tiltak: ▪ Tilrettelegging for lek, turgåing, rekreasjon og uorganiserte aktivitetsmoglegheiter. ▪ Satse på mosjonsmoglegheiter, friluftsliv og idrett for alle aldrar – der folk bur. ▪ Planleggje offentlege rom, stiar og friluftsområde som kan nåast til fots og på sykkel.
Kjenner tilhøyrsløse til staden der dei bur	Begge Gutar Jenter	90 % 95 % 88 %	Det finst ingen samanlikningsgrunnlag, då dette er første gong tala er inkluderte i 2025.	Talet viser og at jentene kjenner mindre tilhøyrsløse til staden der dei bur, noko som understrekar behovet for målretta innsats for å styrkje lokalmiljøet og opplevinga av tilhøyrsløse.	


			Noko kjønnsforskjellar. Resultata er nokså jamt fordelt på alle klassetrinn.		
Opplever at tilbodet til ungdom er svært bra/nokså bra: - Idrettsanlegg - Begge 83 % - Gutar 81 % - Jenter 84 % - Lokale der ein kan treffe andre unge på fritida - Begge 54 % - Gutar 58 % - Jenter 49 % - Kulturtilbodet - Begge 79 % - Gutar 79 % - Jenter 80 % - Kollektivtilbodet - Begge 43 % - Gutar 48 % - Jenter 37 %			<u>Stabil utvikling</u> med ein varierende trend. Ingen store kjønnsforskjellar i opplevinga av tilbod.	Både idrettsanlegg og kulturtilbodet blir vurderte som positive. Lokale der ein kan treffe andre unge på fritida får derimot svakare resultat, der 47 % meiner at tilbodet ikkje er bra nok eller er dårleg. Kollektivtransport er det 57 % som oppgjer at tilbodet er ikkje bra nok.	- Involvere ungdommar i planleggingsarbeidet. - Satse på kollektivtransport, gåing og sykling. - Etablere gode rutinar for medverknad frå ungdom i ulike kommunale prosessar. Frå etablering og analyse av utfordringsbiletet, til tiltaksutvikling, utprøving og evaluering av tiltak. - Sikre at medverknad er reell. - Styrkje ungdomsråd og elevråd. Sjå eige vedlegg for meir informasjon om desse tiltaka.
Tryggleik om kvelden	Begge	89 %	<u>Stabil utvikling.</u>		
Som kan tenke seg å bu i kommunen når ein blir voksen	Begge	36 %	<u>Negativ utvikling.</u> Nedgang på 2 prosentpoeng frå 2017, og har ingen tall mellom de åra.	Talet er urovekkjande låge, og dette viser at kommunen kan gjere mykje for å leggje til rette for at ungdommar skal trivast. Det handlar særleg om å styrkje lokalmiljøet og opplevinga av tilhøyrse, slik at fleire ungdommar ynskjer å bli buande i kommunen og at det framstår som attraktivt å kome tilbake seinare.	

Trivst svært godt eller godt i nærområdet der ein sjølv bur	Begge	83 %	<u>Stabil utvikling</u> med ein svak positiv trend.	Det er positivt at fleire ungdommar trivst godt i nærområdet der dei bur. Dette kan tolkast som at ein er nøgd med området rundt heimen, men det er ikkje det same som å kjenne tilhøyrse til kommunen eller vere ein aktiv del av lokalmiljøet.	<u>Viktige kommentarar:</u> Tilbodet av organisasjonar, fritids- og kulturtilbod påverkar korleis kvar enkelt kan utfalde seg, og bidreg samstundes til å skape identitet og tilhøyrse i eit lokalmiljø. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Opplevinga av lokalmiljøet heng tett saman med framtidsutsikter for utdanning, arbeid og familieetablering. Trygge og sunne lokalmiljø er avgjerande for velferda til barn og unge.
--	--------------	-------------	--	---	--

Lokalmiljøet og tilhørighet

Prosentandel gutar og jenter som er nøgde med lokalmiljøet, og kjenner tilhørsele til staden der dei bor.


2025



Tilbod til ungdom i nærmiljøet

Prosentandel gutar og jenter som opplever ulike tilbod til ungdom i nærmiljøet som svært eller nokså bra.

2025



Helsevaner

Tema	Kjønn	Andel (%)	Utvikling/trend	Kommentar	Tiltak
Helsevaner					
Som trenar minst ein gong i veka.	Begge Gutar Jenter	78 % 79 % 76 %	<u>Stabil utvikling.</u> Noko forskjellar mellom gutar og jenter.	Dei fleste ungdomane er fysisk aktive, anten gjennom organisert idrett eller ved å trene på eiga hand, til dømes på treningssenter. Ål ligg likevel dårlegare an enn landsgjennomsnittet når det gjeld å vere aktiv minst tre til fem gonger i veka.	Kommunen bør leggje til rette for systematisk og langsiktig samarbeid med frivillige og ideelle aktørar om fysisk aktivitet. Kommunen bør samarbeide med private aktørar om fysisk aktivitet.
Som er fysisk aktiv sjeldnare enn 1 til 2 gonger i månaden.	Begge Gutar Jenter	11 % 11 % 8 %	<u>Stabil utvikling</u> med ein svak negativ trend. Sidan 2021 har det vore ein auke på 4 prosentpoeng. Noko forskjellar mellom gutar og jenter.	Nokre ungdomar er sjeldan fysisk aktive, og utviklinga går i negativ retning ved at fleire blir mindre aktive. Dette kan delvis forklarast med at desse ungdomane ikkje deltek i organisert idrett. Ål ligg på nivå med landsgjennomsnittet.	Kommunen bør styrke kunnskap og kompetanse om fysisk aktivitet blant tilsette og medarbeidarar i skulen. Kommunen bør legge til rette for fysisk aktivitet i skulen.
Som et frukost før første time fem gonger i veka.	Begge Gutar Jenter	66 % 80 % 54 %	<u>Negativ utvikling.</u> Ein negativ trend med ein reduksjon på 5 prosentpoeng. Store kjønnsforskjellar.	Heile 66 % av ungdommar i Ål et frukost før første skuletime. Tala viser store kjønnsforskjellar, der feire gutar enn jenter et frukost. Utviklinga har gått i negativ retning. Gode kosthaldsvanar er avgjerande for vekst og utvikling i ungdomstida, og er noko som blir	Tiltak: Tilrettelegging for bruk av kroppen som ein naturlig del av skolekvardag, herunder


				etablerte tideleg og tekne med vidare i livet.	sikre ei time dagleg fysisk aktivitet i skulen.
Som et matpakke eller lunsj på skulen fem gonger i veka.	Begge Gutar Jenter	69 % 75 % 64 %	<u>Negativ utvikling.</u> Ein negativ trend med ein reduksjon på 7 prosentpoeng.	69 % av ungdommar i Ål et matpakke eller lunsj på skulen fem gonger i veka. Talet viser store kjønnsforskjellar, der jenter et mindre lunsj enn gutar. Etablerte gode matvanar er særleg viktige for utvikling og for å kome seg gjennom skuledagen. Det kan vere nyttig å undersøkje kvifor ikkje alle ungdommar nyttar tilbodet om gratis skulemat, og om tilbodet er like attraktivt som ungdommane ynskjer det.	▪ Utforming av skulens uteområde for variert fysisk aktiv leik. ▪ Tilrettelegging av trygge skulevegar. ▪ Stimulering av gå/sykle-til-skulen-aksjonar og haldningskampanjar.
Har vore så søvnige at det har gått ut over skule eller fritid minst 3 dagar.	Begge Gutar Jenter	25 % 18 % 28 %	Det finst ingen samanlikningsgrunnlag, då dette er første gong tala er inkluderte i 2025. Store kjønnsforskjellar.	Det er variasjon i kor mykje ungdom søv. Nokre ungdommar har problem med å sovne, og fleire opplever at mangel på søvn påverkar både skule og fritid. Søvnmangel kan få konsekvensar for konsentrasjon, trivsel og generell velvære. Tala viser tydelege kjønnsforskjellar, der jenter rapporterer meir søvnproblem enn gutar.	Sjå eige vedlegg for meir informasjon om desse tiltaka.
Som natt til i går sov seks timar eller mindre	Gutar Jenter	19 % 27 %	Det finst ingen samanlikningsgrunnlag, då dette er første gong tala er inkluderte i 2025.	Fleire ungdommar får ikkje nok søvn i løpet av ein natt. Tala viser også tydeleg kjønnsforskjellar, der fleire jenter søv bare seks timer eller mindre.	

			Store kjønnsforskjellar.		
Som i løpet av den siste veka har hatt problem med å sovne minst tre dagar.	Begge Gutar Jenter	21 % 17 % 24 %	Det finst ingen samanlikningsgrunnlag, då dette er første gong tala er inkluderte i 2025. Store kjønnsforskjellar.	Tala viser tydelege kjønnsforskjellar, der jenter oftare rapporterer problem med å sovne minst tre dagar. Dette er bekymringsfullt, då jenter og oppgjer lågare trivsel og livskvalitet, i tillegg til å oppleve mykje press.	

Trening og fysisk aktivitet

Prosentandel gutar og jenter som trenar minst ein gong i veka, eller som er fysisk aktiv sjeldnare enn 1-2 gonger i månaden.


2025



Matvaner

Prosentandel som viser matvanar hos gutar og jenter i løpet av ein vanleg skuleveka.


2025



Måltider

Prosentandel som i løpet av ein vanleg skuleveka eter eller drikker følgende kvar dag.


2025



Søvn

Prosentandel gutar og jenter som er veldig mye eller ganske plaget av søvnproblemer den siste veka.

2025



Rusmiddel

Tema	Kjønn	Andel (%)	Utvikling/trend	Kommentar	Tiltak
Rusmiddel					
Som aldri har smakt alkohol eller berre smakt nokre få gonger.	Begge Gutar Jenter	88 % 87 % 91 %	<u>Stabil utvikling.</u> Noko ulikt mellom gutar og jenter. Minkar for kvart klasstrinn.	Dei fleste har ikkje byrja å drikke alkohol på ungdomsskulen, og det store fleirtalet har såleis ikkje vore rusa i løpet av ungdomsskulen. Det er generelt små skilnader mellom gutar og jenter. Talet viser at det minkar for kvart klasstrinn, og 10.trinn skil seg ut med ein markant nedgang, noko som kan tyde på at fleire prøver alkohol på 10 trinn. Ål ligg betre an enn nasjonalt.	Kommunen bør iverksetje førebyggjande tiltak retta mot ungdom. Tiltak: ▪ Undervisning om rus. ▪ Møter med foreldre og føresette. ▪ Hjelp til elevar. ▪ Støttmateriell til skulen. Rusforebygging i skolen KORUS ▪ Kommunen bør følgje opp barnehagar og skular for å sikre at røykelova blir overhalden.
Som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året	Begge	11 %	<u>Noko varierende utvikling.</u> Hovudtrenden er aukande for kvart klasstrinn.	På slutten av ungdomsskulen har omtrent éin av fire opplevd å ha vore rusa. Det store fleirtalet har såleis ikkje vore rusa i løpet av ungdomsskulen. Tidleg debut aukar sannsynet både for skadar eller andre negative opplevingar i ungdomstida og for eit problematisk forhold til rusmiddel seinare i livet.	


Som drikk noka form for alkohol nokså jamleg eller kvar veke	Begge	5 %	<u>Stabil utvikling.</u>	Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet blant ungdom. Det er stor variasjon i kor gamle ungdommar er når dei byrjar å drikke alkohol. Det er fleire ungdommar som drikk på slutten av ungdomsskulen, og det er nokon få som drikk nokså jamleg eller kvar veka. Ål ligg betre an enn nasjonalt.	- Tilby tilsette i skulen hjelp til å slutte med røyk eller snus. - Oppmode ungdomsskulen til å arbeide med tobakksførebygging blant elevane. Kommunen kan regulere tobakksbruk på kultur-, idretts-, og fritidsarenaer: Forby røyking (evt. også snusbruk) på arenaer der barn og unge ferdest. Fremje og følgje Idrettsforbundets retningslinjer om røyk og snus - Gjennomføre tobakksavvenningstiltak i helsestasjonen og frisklivssentralen.
Som får lov av sine foreldre/dei føresette til å drikke alkohol	Begge	9 %	<u>Negativ utvikling.</u> Utviklinga har gått i negativ retning, og har auka med 5 prosentpoeng sidan 2020. Aukande for kvart klassetrinn.	9 % oppgjer at dei har lov til å drikk alkohol av sine foreldre/føresatte. Utviklinga har gått i negativ retning, og talet er det høgaste som nokon gong er målt i 2025 samanlikna med dei andre Ungdata-undersøkingane dei siste åra. Ål ligg dårlegare enn nasjonalt. Talet viser også ein del skilnader mellom klassetrinna. På 10.trinn oppgjer 22 % at dei får lov til å drikke alkohol, medan berre 2 % på både 8.trinn og 9.trinn seier det same.	
Som røykjer kvar dag eller kvar veke.	Begge Gutar Jenter	2 % 3 % 1 %	<u>Stabil utvikling.</u> Noko ulikt mellom gutar og jenter.	Det er nokon få ungdommar røykjer kvar dag eller kvar veke, og utviklinga har vore stabil dei siste åra. Det er fleire gutar enn jenter som røykjer. Ål ligg likt som nasjonalt.	

Som snusar kvar dag eller kvar veke.	Begge Gutar Jenter	6 % 6 % 3 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 5 prosentpoeng sidan 2020. Noko ulikt mellom gutar og jenter.	Det er nokon få ungdommar snusar kvar dag eller kvar veke. Utviklinga har gått i negativ retning, og talet er det høgaste som nokon gong er målt i 2025 samanlikna med dei andre Ungdata-undersøkingane dei siste åra. Det er fleire gutar enn jenter som røykjer. Ål ligg likt som nasjonalt.	- Inkludere skolehelsetenesta i skulen si helseundervisning. - bidra til at fastlegane bruker retningslinjer for røykeavvenning. Sjå eige vedlegg for meir informasjon om desse tiltaka.
Som bruker vape/e-sigarettar kvar dag eller kvar veke.	Begge Gutar Jenter	4 % 6 % 1 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 4 prosentpoeng sidan 2020. Noko ulikt mellom gutar og jenter.	Det er nokon få ungdommar brukar vape/e-sigarettar kvar dag eller kvar veke. Utviklinga har gått i negativ retning, og talet er det høgaste som nokon gong er målt i 2025 samanlikna med dei andre Ungdata-undersøkingane dei siste åra. Det er fleire gutar enn jenter som røykjer. Ål ligg likt som nasjonalt.	
Som har brukt hasj eller marihuana i løpet av det siste året	Begge	2 %	<u>Stabil utvikling.</u>	Dei aller fleste ungdommar ikkje bruker narkotika. Det er nokon få som har erfaringar med denne typen rusmiddel, samtidig er det ein del som rapporterer at hasj eller marihuana er stoff dei fått tilbod om.	

Som har fått tilbod om hasj eller marihuana i løpet av det siste året.	Begge	13 %	<u>Negativ utvikling.</u> Utviklinga har gått i negativ retning og har auka med 5 prosentpoeng sidan 2017.	Trenden har vore aukande for kvart år sidan 2013 og har enno ikkje snudd. Dette viser ei vedvarande endring i ungdomsmiljøet når det gjeld tilbod av hasj eller marihuana. Ål ligg litt betre enn nasjonalt.	
Som har brukt andre narkotiske stoff enn hasj eller marihuana i løpet av det siste året.	Begge	4 %	<u>En svak negativ utvikling.</u> Utviklinga har stort sett vore stabil med ein aukande trend sidan 2020. Det auka med 2 prosentpoeng.	Det er nokon få ungdommar som har brukt andre narkotiske stoff enn hasj eller marihuana. Ål ligg likt som nasjonalt.	


Alkoholvanar

Prosentandel ungdommar som drikk alkohol månedlig eller oftare, og har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året.



Alkoholregler

Får du lov til å drikke alkohol av dine foreldre/føresette?



Risikoadferd

Tema	Kjønn	Andel (%)	Utvikling/trend	Kommentar	Tiltak
Risikoadferd					
Som i ulik grad er involverte i regelbrot, både nokre og mange regelbrot.	Begge Gutar Jenter	41 % 50 % 32 %	<u>Stabil utvikling.</u> Store kjønnsforskjellar.	Ungdomstida er ei tid for utprøving på nye arenaer. I denne fasen av livet er det ikkje uvanleg å vere med på aktivitetar som er på kant med det som er alminneleg sosialt akseptert – inkludert å bryte reglar som er fastsette i lovverket. Tidleg kriminell debut og alvorlege lovbrott aukar risikoen for ein kriminell karriere seinare i livet. Det er ikkje heilt tilfeldig kven som hamnar i denne gruppa. Ungdommar som gjer seg skuldige i kriminelle handlingar, har ofte andre tilleggssproblem, som til dømes ustabile heimeliv, dårleg psykisk helse, dårleg skuletilpassing, svakt sosialt nettverk og rusproblem. Ål ligg betre an enn nasjonalt.	Kommunen bør aktivt fremje sosial støtte og meistring for ungdom på deira arenaer, samt sikre gode rammevilkår for ungdom si deltaking og tilhøyrse. Tiltak: ▪ Styrkje dei vaksne i foreldrerolla. ▪ Fremje vaksne sitt ansvar for gode sosiale relasjonar på barn og unges arenaer. ▪ Sørgje for gode levekår for barnefamiljar.


Blir utsett for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida, omtrent kvar 14.dag eller oftare.	Begge Gutar Jenter	13 % 12 % 10 %	<u>Sterk negativ utvikling.</u> Auka med 7 prosentpoeng sidan 2020, og 10 prosentpoeng frå 2021. Noko ulikt kjønnsforskjellar.	Utviklinga har gått i negativ retning. Det er fleire ungdommar som blir utsett for mobbing oftare. Det er fleire gutar som blir utsett enn jenter. Ål ligg dårlegare enn nasjonalt.	Arbeide aktivt for trygge psykososiale miljø der ungdom lever sine liv. Sjå eige vedlegg for meir informasjon om desse tiltaka.
Er med på plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida.	Begge Gutar Jenter	7 % 8 % 4 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 5 prosentpoeng sidan 2020. Noko kjønnsforskjellar.	Utviklinga har gått i negativ retning. Det er fleire ungdommar som blir med på å mobbe andre unge på skulen eller i fritida. Det er fleire gutar som blir med på mobbing enn jenter. Ål ligg dårlegare enn nasjonalt.	
Som blir mobba, truga eller utestengde på internett minst kvar 14.dag.	Begge Gutar Jenter	7 % 6 % 4 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 5 prosentpoeng sidan 2020.	Utviklinga har gått i negativ retning. Det er fleire ungdommar som opplever mobbing på internett. Det er fleire gutar som blir utsett enn jenter. Ål ligg dårlegare enn nasjonalt.	
Som i løpet av det siste året har opplevd at nokon på ein sårande måte kalla dei for hore, homo eller andre ord med seksuelt innhald.	Begge	20 %	<u>Stabil utvikling.</u>	Utviklinga har vore stabil sidan 2021. Seksuell trakassering blir gjerne definert som uønskt seksuell merksemd og handlar om åtferd og handlingar som spelar på kjønn, kropp og seksualitet, og der den eine parten opplever det som hender som ubehageleg eller trugande.	

				Seksuell trakassering kan skje på ulike måtar.	
Som i løpet av det siste året har opplevd at nokon mot deira vilje befølte dei på ein seksuell måte.	Begge Gutar Jenter	7 % 8 % 6 %	<u>Stabil utvikling</u> med en positiv trend. Ein reduksjon på 2 prosentpoeng sidan 2021.	Ein god del unge har opplevd å bli utsette for seksuell trakassering. Jenter er generelt meir utsette enn gutar, men gutar opplever òg denne forma for trakassering. Utviklinga har vore stabil dei siste åra med ein positiv trend, og det er viktig at utviklinga forsette i same retning.	
Som det siste året har opplevd at nokon har delt bilete eller filmar av dei der dei er nakne eller deltek i seksuelle handlingar utan at dei sjølv ville det.	Begge Gutar Jenter	6 % 7 % 6 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 5 prosentpoeng sidan 2021.	Utviklinga har gått i negativ retning. Fleire ungdommar har opplevd å bli utsette for spreiking/uønskt deling av nakenbilete eller -filmar.	
Som i løpet av det siste året har opplevd at nokon spreidde negative seksuelle rykte om dei.	Begge	13 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 3 prosentpoeng sidan 2021.	Utviklinga har gått i negativ retning. Fleire ungdommar har opplevd å bli utsette for spreiking av negative seksuelle rykte.	
Har blitt slått, sparka, rista hardt, lugga eller liknande av ein annan ungdom ein eller fleire gonger.	Begge	30 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 6 prosentpoeng sidan 2021.	Utviklinga har gått i negativ retning. Mesteparten av valden som unge blir utsette for, hender i møte med andre ungdommar. I mange tilfelle skjer	

Har blitt truga, angrepet eller rana av ein ungdom med gjenstandar eller våpen ein eller fleire gonger.	Begge	6 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 3 prosentpoeng sidan 2021.	valden mellom unge menneske som kjenner eller kjenner til kvarandre frå før. Valdserfaringane oppstår under ulike omstende, og det varierer kor alvorlege dei er. Nokre handlingar skjer i affekt, medan andre er planlagde. Nokre handlingar er ikkje særleg alvorlege, men andre gonger skjer det svært alvorlege kriminelle hendingar som til dømes ran.	
Har ein eller fleire gonger blitt slått av ein vaksen i familien med vilje.	Begge	7 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 3 prosentpoeng sidan 2021.	Utviklinga har gått i negativ retning. Vald i familien er ei samlenemning som dekkjer eit spekter av ulike fenomen. Foreldre kan utsetje barna sine for både fysisk og psykisk vald. I dag seier vi at barn og unge er utsette for vald òg dersom dei lever med vald i familien.	
Har sett eller høyrte at ein vaksen i familien sin har blitt slått, sparka, rista hardt eller lugga av ein annan vaksen i familien.	Begge	5 %	<u>Negativ utvikling.</u> Auka med 1 prosentpoeng sidan 2021.		

Regelbrot


Prosentandel ungdommar som er involverte i ulike formar for regelbrot minst ein gong eller fleire gonger det siste året.
2025




Regelbrot

Prosentandel ungdommar som er involverte i ulike former for regelbrot minst ein gong eller fleire gonger det siste året.


■ 2020 ■ 2021 ■ 2025



Regelbrot blant gutar og jenter i Ål kommune




Regelbrot blant gutar og jenter i Ål kommune




Mobbing

Prosentandel ungdomar som blir utsatt for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida
kvar 14.dag.
2025




Mobbing

Prosentandel gutar og jenter som blir utsatt for mobbing, eller er med på mobbing.



Mobbing


Prosentandel ungdomar som blir utsatt for plaging, trugsmål eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida. 2025



Seksuell trakassering

Prosentandel ungdommar som det siste året har vore blitt utsatt for ulike typer seksuell trakassering.


2025



Seksuell trakassering

Prosentandel gutar og jenter som det siste året har vore blitt utsatt for ulike typer seksuell trakassering.


2025



Vald

Prosentandel ungdommar som har vore blitt utsatt for vald fra andre ungdom minst ein gong det siste året.

2025



Vald i familien

Prosentandel ungdommar som har vore blitt utsatt for vald fra andre ungdom minst ein gong det siste året.

2025

